

HIV

Analysemetode

Antigen-/antistoff-påvising: HIV Ag/Ab Combo Assay Chemiluminescent microparticle immuno assay (CMIA), Architect, Abbott.

Påviser både HIV-antigen (p24) og HIV-antistoff. Testen har høg sensitivitet og kan påvise smitte så tidleg som 1- 2 veker etter eksponering.

PCR, gentypering og kvantifisering utførast ikkje hos oss. Slike prøvar må sendast direkte til Haukeland Universitetssjukehus.

Indikasjon

Klinisk eller epidemiologisk mistanke om HIV-infeksjon

Infeksjonsscreening:


- Donorar av blod, bein, organ.
- Dialysepasientar.
- Flyktningar og asylsøkarar etter gjeldande retningsliner.
- Gravide.
- Kjeldepersonar ved stikkuhell eller andre situasjonar med risiko for blodbåren smitte.

Prøvetaking

Serum eller plasma, sjå [Serologiske prøvar – prøvetaking](#).

Prøvetakingsutstyr

Serumglas med gel



Prøvevolum

Må ha 150 µl, bør ha 1500 µl.

Oppbevaring før transport

I kjøleskap.

Haldbarheit

14 dagar. Eldre prøvar vurderast.

Vurdering i laboratoriet

Eit primært positivt HIV-antistoff/antigen-resultat må konfirmerast med vidare undersøkingar ved eit referanselaboratorium. For å utelukke prøveforveksling må det takast

separat kontrollprøve frå pasienten. Ved negativ prøve etter sikker eksponering for HIV, bør den eksponerte følgjast opp i tre månader.

Forventa analysetid

Analysen blir sett opp dagleg mandag – fredag.

Feilkjelder

Hemolytisk eller kontaminert serum.

Utførast av

Serologisk fagområde

Fagområde

Virologi

Rekvisisjonsskjema

Skjema HF 1084

Skjema HF 1088

Medisinsk fagleg ansvarleg

Reidar Hjetland

Sist oppdatert

09.11.2016 Gro Øren